

År 1945 den 5. november ble av Bergen og Hordaland lagmannsrettslagmannsrett i landssviksaker nr. 157, 1945.
Den offentlige påtalemyndighet mot

Alf Henry Rødseth, avsagt sådan
D o m :

Tiltalte Alf Rødseth er født 6/8 1922, han er volontør, bopel Alvik, f.t. i varetektsfengsel, ugift, uten forsørgelesesbyrde, uformuende, inntekt ca. 3000 kr. ikke gjort militærtjeneste, tidligere ikke tiltalt eller straffet.

At tiltalte den 18. august 1941 meldte seg til den norske legion. Deretter fikk han utdannelse i Tyskland og deltok på østfronten ved Krasnov Selo og Konstantinofka til i september 1942.

Tiltalte var klar over at det bestod krig mellom Norge og Tyskland fra 9. april 1940 og utgjennom okkupasjonstiden og at han ved sin krigstjeneste bisto fienden i dåd. Han er derfor overenstemmende med tiltalte beslutningen straffeskyldig etter strl. § 86. Med hensyn til strafffutmalingen vil der i skjerpende retning måtte tas hensyn til at tiltalte har begått landsforederi i en så grov form som deltagelse i vepnet kamp for fienden.

I fornildende retning må der tas hensyn til at han er en ganske ung mann og at det utvilsomt har vært ulykkelige forhold som har ført til at han meldte seg til fronttjeneste. Hans far og en av hans brødre var de eneste N.S. medlemmer i Alvik og han ble av den grunn ertet og hånet av sine kamerater, og han hadde vanskelig for å tåle denne hån som han som selv ikke var N.S. medlem fant i noen grad berettiget selv om han syntes at den virket urettferdig mot ham personlig. Han ble også vanskelig stillet idet han vistnok på grunn av driftsinnskrenkninger ble oppsatt fra sin volontørsstilling ved anlegget. Han regnet også med at han ikke gjorde noen særlig lastverdig handling ved å melde seg, som han trodde til tjeneste i Finland og i Finlands kamp mot Russland om enn man også må anta at han ikke var med i den europeiske kampen mot Tyskland. Det bør også komme ham tilgode at han sammen med en rekke av sine kamerater nektet å avlegge ed til Hitler-da spørsmålet herom oppkom.

Når hertil kommer at tiltalte er en ustraffet mann som siden han ble dimittert fra tjenesten i 1942 har unngått å ha noen befatning med N.S. eller tyskerene, antas straffen å kunne settes til lovens minimum, 3 år.

Lagmannen fant at straffen for vepnet bistand til fienden ikke kunne settes til lovens minimum. De forhold som har bevirket at han meldte seg til fronten synes ikke så tungtveiende at det kan tillegges så stor betydning, og om enn tiltalte var ung da han meldte seg var han dog nærmere 19 år og han virket forstandig og oppvakt i retten så han må antas å ha hatt minst den modenhet som unge menn i nevnte alder har. Han vorterfor derfor for straffen sattes til 4 år.

D o m s s l u t n i n g :

Tiltalte Alf Henry Rødseth dømmes for forbrytelse mot strl. § 86 til tvangsarbeid i 3-tre-år, hyori fragår 180-ethundreogåtti-dager for utholdt varetektsfengsel. I medhold av landssvikanordningen § 11, 1-4 nevnte rettigheter for en tid av 10-ti-år.

A.E. Soelseth

Karsten Gaarder Henrik Svensen.
J.K. Jebsen. Kristian O. Rouge. Nils Haugen. M.S. Dreyer.

Foto

B.Ein unggut på austfronten.

Den norske legion vert bygt opp.

Alt hausten 1940 tok nordmenn til å meldt seg friviljug til krigsteneste på tysk side.I januar 1941 sende Quisling ut eit opprop der han bad nasjonalsinna nordmenn om å la seg verva,og same våren reiste den første pulja på ca 300 unge nordmenn til treningsleir i Tyskland.Ut over våren fylgde nye puljer etter.Desse norske friviljuge vart samla i regiment Nordland,som ein del av SS Divisjon Wiking.

Men verkeleg fart i vervinga vart det etter at Hitler den 22.juni 1941 sette i gang åtaket på Sovjetsamveldet.Ein kraftig propagandaoffensiv retta mot norsk ungdom vart gjennomført.Quisling la fram ein plan om at 30000 nordmenn skulle setjast inn i Finnland til kamp mot erkefienden "bolsjevismen" og utgjera grunnstammen i ein ny norsk hær.I slutten av juni vart så "Den norske Legion" skipa etter initiativ frå Reichskommisar Terboven og Quisling.Tiltaket hadde stor framgang,for innan utgangen av des.1941 hadde over 1900 norske friviljuge meldt seg,og ca.1000 av desse vart godtekne og sende til Tyskland for utdanning og trening.Norske aviser fortalte at den norske avdelinga skulle setjast inn i Finnland,liksom dei norske friviljuge i krigen mellom Sovjetsamveldet og Finnland des.1939 - mars 1940.Rett nok kom få nordmenn då fram til finskefronten under Vinterkrigen før Finnland laut gå til forhandlingsbordet og gjera fred med Sovjet på harde vilkår.

Desse 1000 norske friviljuge vart samla i eit lager på Gulskogen ved Drammen og organiserte som bataljon Viken under norske offiserar.Det vart drive eksersis etter norsk reglement og med norsk kommandospråk.Rekruttane fekk utdelt tyske uniformer,men tyske symbol vart rivne av og norsk flagg sydd på i staden.NS-helsing vart ikkje nytta,og det skulle snakkast minst mogeleg om Quisling.Det var heller ingen tyskarar til stades i leiren.Det er såleis liten tvil om at mange friviljuge oppfatta bataljonen som ei politisk nøytral norsk avdeling,som skulle hjelpe det finske folket i deira kamp for å vinna att dei landområda som med vald og makt vart teke i Vinterkrigen 1939-40. Før rekruttane vart sende til Tyskland,matte dei skriva under på ein kontrakt der kvar mann forplikta seg til teneste i utlandet i 5 månader.

Militæropplæring i Tyskland.

Bataljonen vart send til Fallingbostel,ein liten by på Lüneburgerheide nord for Hannover.Her skulle rekruttane utdannast og trenast til å vera tøffe frontsoldatar.No fekk dei greie på at Legionen skulle vera bunden av tyske militærlover og tyske reglement,og dei norske offiserane fekk tyske Beratar (dvs.rådgjevarar).Uniformene var også tyske,men med norsk løve på kragen i

Karakter ikke militær men politisk organ
Som vises ikke i landet og ikke

staden for SS-merket, og eit norsk flagg på uniformjakkeerma. Sidan det ikkje rådde krigstilstand mellom Noreg og Sovjetunionen, kunne dei norske friviljuge ikkje etter folkeretten bruka norske uniformar ved fronten. Som alle utanlandske friviljuge vart den norske kontingeneten plassert i Waffen SS, ikkje i Wehrmacht, som berre tok imot tyskarar.

Rekruttane fekk tyske instruktørar, for dei skulle utstyrt med tyske våpen, og måtte då få opplæring i bruken av desse. Resultatet vart at tysk språk dominerte under heile treningstida og seinare ved fronten. Dette var også nærmast sjølvsagt av di legionen måtte gå inn i ei tysk operativ eining, Kampfgruppe Jeckeln. Det same opplevde forresten dei norske rekruttane i Skottland. Der var det engelske uniformer, engelske våpen og krigstaktikk dei lærte, og kommandospråket vart naturleg nok engelsk.

Treninga i Fallingbostel var hard og krevjande, og ikkje så få av dei friviljuge gav opp og drog attende til Noreg. Derfor vart Legionen redusert til ein forsterka bataljon på tre geværkompani, med eit maskin gevær (mg 34) i kvart lag og to lette bombekastarar pr. kompani. Som forsterkning tente eit pansarvernkompani utstyrt med 37 mm kanonar, og dessutan eit kompani med tunge maskin gevær og bombekastarar. Elles hadde Legionen hestetren og ein del bilar og motorsyklar til disposisjon. *3 i ig Konservasjon* *Skottland*

C M 3,7

C 3,7

Til Leningradfronten.

I desember 1941 var utdanningstida slutt, og Legionen sendt til byen Stettin ved Austersjøen. I stiltilhøve i Østersjøen var vanskeleg på etterjulsvinteren, og legionærane vart liggjande og venta fleire veker på overføring til Finnland. Men dit kom dei aldri!

*+
Bombardier*

I slutten av februar 1942 vart Legionen frakta frå Stettin med transportfly, 110 Junker 52 -fly, over Königsberg og Riga til Luga i Estland, og så med tog fram til Leningradfronten. Kring 1. mars var heile Legionen på plass i skyttargravene, der dei hadde utsikt til den halvvegs omringa Leningrad, ein by tyskarane aldri skulle greia å innta. Før legionærane drog frå Fallingbostel, måtte dei avleggja eid til Adolf Hitler som øverste krigsherre. Ein del av dei nekta blankt å gjera det.

Ein kan undrast over kvifor legionærane hamna ved Leningradfronten og ikkje i Finnland. Hovudgrunnen har mest sannsynleg hatt samanheng med at sovjetstyrkane hadde brote den tyske nærblokaden ved Leningrad den 12. februar 1942, og at den tyske hærleiinga venta ein sovjetisk offensiv mot denne delen av Austfronten. Berre ei veke etter at dette frontavsnittet kom i rørsle, vart nemleg Legionen sendt dit for å avløysa utslitne tyske soldatar. Elles veit ein i dag at dei finske styremaktene ikkje utan vidare var oppglødd over utsiktene til hjelp frå norske friviljuge. Finnland var nemleg ikkje i krig med dei allierte og Noreg, og dei finske styremaktene ynskte ikkje å ta stilling til den interne norske konflikten (dvs. tilhøvet mellom den norske regjeringa i England og det tyskstøtta NS-styret i Noreg). Derfor gjorde ikkje finnane innvendingar mot at nordmennene kom til

Leningradfronten. Ei slags trøyst var det kan henda at dei norske soldatane kunne sjå over til Finnland frå stillingane sine framføre Leningrad!

Frå småsamfunn til skyttargrav.

Mellom dei som låg i skyttargravene denne sprengkalde vinteren, var den 19 år gamle Alf Rødseth, oppvachsen i Ålvik. Frå 1947 har han vore busett i Etne.

Artikkelforfattaren kom i kontakt med han no i sommar, og han var viljig til å fortelja om kvifor han meldte seg til Den norske legion og om opphaldet på Leningradfronten frå mars til oktober 1942. Han stilte også dagboka si frå denne tida til disposisjon. Denne gjev som lesaren sjølv kan døma om, eit realistisk og usminka bilete av det krigshelvetet dei norske ungdomane hamna i på Austfronten.

Industrisamfunnet i Ålvik var ein god stad å veksa opp i mellomkrigstida. Det var full sysselsetjing der, og folk hadde tolleg rommelege økonomiske kår. Her blømde eit rikt organisasjonsliv som hadde varierte fritidstilbod til born, ungdom og vaksne. Alf var serleg oppteken av musikk, friidrett, fotball og friluftsliv. Han kom tidleg med i musikklaget og var i årevis ein aktiv deltakar i idrettskonkurransar, der han hevda seg godt. Mesteparten av fritida gjekk med til desse aktivitetane, og dessutan kom han tidleg i fast arbeid som visargut eller "voluntør" på bedriftskontoret i Ålvik.

Som på andre industristader var det i Ålvik eit aktivt fagleg-politisk miljø, og både Det norske arbeiderparti og Norges kommunistiske parti stod sterkt. Men Alf hadde ikkje politiske interesser og brydde seg lite med samfunnsproblema i samtida. For han var det idrett og musikken som fylte fritida heilt og fullt. Faren derimot var sterkt interessert i samfunnsspørsmål og vart etter kvart oppteken av dei sosiale og politiske teoriane til Dybwad Brochmann, som i 1933 hadde skipa Samfunnspartiet.

Så kom krigen og snudde opp ned på det vesle industrisamfunnet ved Hardangerfjorden som andre stader. Snart kom den politiske utviklinga til å riva Alf ut frå heimemiljøet og venekrinsen og føra han inn på vegar han aldri hadde drøymt om før. Nære familiemedlemer meldte seg inn i Nasjonal Samling - som dei einaste i Ålvik. Folkemeininga vende seg sterkt mot avvikarane, og det gjekk også ut over Alf. Han vart erta og håna av kameratane, og etter kvart han seg truga på livet. Han opplevde det som vondt og urettferdig at han, som ikkje var NS-medlem og heller ikkje hadde den minste interesse av politikk, skulle verta medfaren på denne måten. Men fleire steinar vart lagde til børa. Han miste også volontørstillinga ved anlegget. Oppseiinga vart grunngjeven med at krigssituasjonen gjorde "driftsinnskrenkninger" påkravde. X

Sosialt isolert og arbeidslaus drog Alf sommaren 1941 heimanfrå til Bergen for å få eit eller anna arbeid. Her møtte han vervepropagandaen som appellerte til norsk ungdom om å ta våpen i hand og hjelpe Finnland. Med alle aksjonar frå norsk side for å få nordmennene til å yta friviljug hjelp til Finnland under Vinterkrigen 1939-1940 i minne (t.d. innsamling av klede, sying av kvite kamuflasjedrakter,

sending av ryggsekker, og uoffisielle appellar til ungdom om å mælda seg til frontteneste), fann Alf at han ikkje gjorde noko galt ved å vera med Legionen til den finske fronten. Han hadde kjennskap til den vidgjetne franske framandlegionen, og tykte at Den norske legion likna denne på visse måtar. Så enda det med at han gjekk opp på NS vervekontor i Bergen den 18. august 1941 og melde seg. Utstyrt med togbillett drog han så til Oslo og møtte til lækjargranskning på Møllergt.skole. Her vart han godteken utan problem trass sin unge alder - 18 år gammal - og dei strenge tyske krava til helse og fysikk. "Grunnen til at eg slapp så lett gjennom granskingsa", fortel Alf, "kom utan tvil at at eg som aktiv idrettsmann var topptrena. Dessutan hadde dei bruk for musikar til hornblåsar!" -

Turen gjekk deretter til Gulskogen. Her var det var eksersis og fysisk trening under leiing av norske offiserar. Særleg hardt tykte den veltrena idrettsmannen ikkje at tempoet og krava var. I sept. bar det så til Fallingbostel. Der var det fres i sakene. Han møtte no barske tyske underoffiserar med frontteneste bak seg, og dei fylgjande månadene var det skikkeleg hardtrening og grundig tysk militæroplæring. Her møtte han karar med kjende namn frå norsk idrettsmiljø og opplevde ei triveleg tid saman med dei. Med sin idrettsbakgrunn Alf greidde den harde treninga utan særlege problem, men han syntest det negative i treningsleiren var lite og dårlig mat. Tida gjekk fort, og før jul var bataljonen utdanna og kunne gjera frontteneste. Før dei drog til fronten, var det eidsavlegging. Alf høyrde til den gruppa som ikkje ville gjera eid til Hitler. Den saka vart elles løyst ved eit kompromiss.

Transporten av Legionen med fly frå Stettin til Riga vart ei kald oppleveling. Flya hadde ikkje innreiing for passasjerar eller isolasjon mot kulda, og temperaturen i lasteroma var langt under null. Dei fyrste nettene ved fronten også eit sjokk. *(Bomber /)* Temperaturen var ei natt nede i minus 48 grader!

Alf førde dagbok frå 18.januar til 19.mai 1942, og denne har han gjeve skriftstyret løyve til å prenta .

Krigsdagbok 18.januar - 19.mai 1942.

- 18-1-42 Reiste fra Fallingbostell.
- 19-1 Kom til Stettin. En meget bra by. *Fra Fallingbostell til Stettin*
- 20-1 Kom til Riga med fly fra Kønigsberg med en overnatting i Dorpat kl.24.
- 27-2 Reiste fra Dorpat kl.11 etter en overnatting i et iskaldt hus. Minus 30. Køyene bestod av våt halm. Ankom Narva kl.17 hvor jeg overnattet.
- 28-2 Kl.8.35 passerte den russiske grense.
- 1-3 Ligger 5 km bak fronten. Overnattet i "Sovjetparadiset": tømmerhytter, vindan blåser tvert gjennom veggene.
- 2-3 Reiste til fronten i kveld kl. 18.00. Arbeidet halve natten med å trekke ammunisjon og

miner på kjele fram til bunkersen hvor kompanistaben skal holde til.Jeg er så trett at jeg nesten stuper.

- 3-3 Har hugget ved og hatt min første natt ved fronten.En del artilleri i virksomhet.
Venter med lengsel på matbenterne.Har ikke spist på 12 timer.
- 4-3 Russerne har i hele dag bombardert oss med bombekekstere.En fikk ikke gjøre annet enn å kaste seg ned.I dag falt 2 mann,den ene var min venn Holmen.Flerc sårede.
Jeg var ute med min første melding. 20 timer uten mat.
- 5-3 Var en strålende dag,rene påskeværet.Var med en melding til bataljonen,og saget ved til kaptein Finnson.Har vakt fra kl.5-8 og 22-1 og 11-13.
- 6-3 Sov 3 timer i natt,og frøs så på beina på vakten at jeg er ikke riktig frisk.En russisk overløper kom til oss i dag.Russiske mg. har knittret over oss i ett kjør.
- 7-3 Var sammen med Hodt,Johansen og Larsen og drog tankminer på kjele fra bataljon(ens) Gefechtstand og opp til vår bunkers.30 miner på to kjelker.En meget farlig jobb,da granatene eksploderer rundt oss.I dag er det vakt igjen,men det er kommet 3 mann til,så vaktene blir ikke så lange.

Søndag

- 8-3 Var med 2 meldinger til bataljonsadjutanten.Hentet mat,hadde i grunnen en pen dag.
Skrev hjem.Liten virksomhet hos fienden.
- 9-3 Var 2 ganger fremst i stillingene,først med Finn Hodt,og senere var jeg veiviser for 2 pionerer som skulle visc kanonmannskapet hvordan de skulle legge ut tankminer.Jeg så russerne tydelig borte i stillingene og affyrte noen skudd.
- 10-3 Natt til tirsdag reiste jeg ut til fremste ildlinje,og ble plassert i 5.kp.1.tropp,1.lag som mg- og geværskytter. 5.kp. er et kompani oppsatt av folk som foreløpig kan unnværes fra pakk. og 4.kp.Vi ligger i skyttergraver 150-400 m,det nærmeste 80 m fra russernes stillinger,som er en fremskutt stilling.

Polkovahøydene.

- 11-3 Har hatt min første vakt foran fienden.Mg. knitrer.Lysbomlene lyser opp ute i ingenmannsland og granatene eksploderer.Kulene hviner over meg på vakten.
- 12-3 Det er noen kalde og dårlige jordhuler vi ligger i.Ute er det 30 minus,og døren er et gammelt ullteppe,og store åpninger i veggene.Stod vakt ved mg.Hadde allarm i natt.
- 13-3 Liten ildvirksomhet på vaktene mine.Russerne benyttet lett artilleri.I dag har jeg frosset fryktelig.Dette er en lidelse som folk hjemme ikke kan forestille seg i sin villeste fantasi.Om natten våkner vi,fult påkledd med forsvinningsdrakt og våte. Isfrosne støvler fulle av hvitt rim.Om dagen sover vi av og til noen timer,men sjeldent mere enn 3-4 timer.Hadde støtt-tropp ute i natt.

Lørdag

- 14-3 Hadde allarm i natt,russerne var ute i piggtrådsperringene våre og klippet piggtråd.
Ble beskutt da jeg stod på vakt.Jeg holder på å forfryse beina.
- 15-3 Her er et rot uten like.Vi har ikke fått mat siden i går kveld.Middag får vi ikke,og tørrmat ikke før i morgen.Våre offiserer er uudugelige,underoffiserene også.Her er fryktelig kaldt,på vakta var det 42 minus,vi holder på å forfryse beina da vi ikke har skikkelige støvler.Filtovertrekks-støvler har besalet som sitter i bunkersen hele døgnet

I dette døgnet har jeg 7 vakter,får ikke sove en time i natt.Om dagen blir det heller ikke noe søvn.Det blir allarm kl.1 i natt,da skal vi ha en spe.(sial)tropp ute.Det overnervøse besalet er sprø på knollen.De russiske stillingene kraftig bombardert.

- 16-3 I natt ble en av våre gutter drept da han var ute med spe.tropp.
17-3 En rolig og stille dag.De russiske skyttergravene og bunkers ble kraftig bombardert av våre tunge bombekastere.

Onsdag

- 18.mars Russerne har kjørt fram tungt artilleri.Jernbaneskyts.I natt var det på min vakt 48 minus.

Torsdag

- 19.mars I dag har jeg opplevet helvete.Ble bombardert av russernes tunge artilleri.Det er ingen ting igjen av skyttergravene våre.Fleres bunkers er ødelagt.Jeg hadde vakt den tiden bombardementet stod på.I en og en halv time sprang jeg att og fram og kastet meg ned etter hvert som granatene eksploderte.En gang ble jeg begravet av snø og jord,granatene eksploderte en 5 til 6 m fra meg.Jord og snø sprutet ustanselig over meg.Jeg er helt gåen etter dette,slapp i kroppen,ør i hodet og tett i ørene.Guttene holder nå på å grave opp igjen gravene og bunkers.Jeg har fått tillatelse av lagføreren å være i ro føreløbig.Vi hadde 3 falne og 3 hardt sårede.Det var sikkert min ilddåp jeg fikk i dag.

Fredag

- 20.mars Vi ble bombardert i dag også,ikke fullt så kraftig som i går.Hadde 1 fallen og 1 hardt såret samt 2 mindre.

Lørdag

- 21.mars Kl.2 i natt ble der slått allarm.Russerne forsøkte å storme våre stillinger.Angrepet varte hele natten til kl.6 i dag.Jeg stod på min allarmstilling og skjøt med gevær og kastet håndgranater etter som russerne myldret fram.3 russere klarte å komme opp i graven vår og tok en nordmann til fange.Men fangenskapet varte ikke lenge.Et lagfører,Belgonen,kom til og spurte etter parole idet russerne skulle begi seg avsted med sin fange.Da de ikke kunne parolen,skjøt lagføreren 2 ned med mp. mens den tredje russeren ble tatt til fange.Han fortalte at de hadde bataljonsordre om å ta gravene våre og holde dem for enhver pris.Mg-ene våre gjorde godt arbeide,langs piggtrådsperringene våre ligger det mange falne russere.Angrepet ble slått tilbake med et stort tap for fienden.Artilleriet vårt ble satt inn og bombarderte de russiske linjene kolossalt.

Søndag

- 22.mars En 15 - 20 m utenfor graven ligger der falne russere.Vi hadde 1 drept og 1 hardt såret.Senere på dagen ble min gode venn Strand drept av et skudd gjennom hjelmen.Har ikke sovet noe de siste dagene,da en også må trekke fram ammunisjon.Jeg er så svart og skitten som en gris,da der ikke finnes vann til å vaske seg i.Tørsten plager en også meget.

Mandag

- 23.mars Russerne forsøkte seg på et angrep i natt også.Vi ligger 2 km fra Leningrad.Byen er lett synlig,vi ser folk og biler.

Tirsdag

24.mars Våren er kommet brått,gravene er halve av vann,og snøen smelter og renner inn i bunkersene våre så vannet går midt på leggen.Leirveggene raser inn,og det regner fra taket.Vi vasser i vann og seig gjørme.

Onsdag

25.mars Natten var rolig,men i dag ble to av mine kamerater skutt.Den ene ble skutt på vakt og den andre av nysgjerrighet da han skulle se hvor skuddet kom fra.I dag har jeg fått vasket meg på hendene.Skal forsøke å skrive et brev hjem.

Torsdag

26.mars I natt hadde vi 2 støt-tropper ute,en fra kp.3 og en fra kp.5.De var nede i dc russiske skyttergravene og jaget bort fienden og ødela 2 mg.(-stillinger) og 1 bunkers.I dag ble lagfører Søsteland såret av et skudd i armen,to mann ble lettere såret.

Fredag

27.mars I dag ble Elverum såret i ryggen,så nå er vi bare 2 mann igjen i bunkersen.Vi vasser i gjørme og isvannet renner fra taket.Gulvet er bare søle og leire.

Lørdag

28.mars I dag ble jeg uttatt som skytter ved mg.Så nå slipper jeg dagvaktene.

Søndag

29.mars Tyske fly bombarderer Leningrad hver eneste natt.Vi kan se fra våre stillinger store eksplosjoner og branner.

Mandag

30.mars Frosten er nå kommet igjen så en slipper den verste søla.

Tirsdag

31.mars I dag ble en mann skutt og en hardt såret i 3.kp.Vår mg-stilling er flyttet ned til 3.kp.Vi har fått tildelt den mest utsatte stillingen i hele bataljonens avsnitt.Russiske lik ligger i dunger 10 m foran oss.Av 3.kp. er det bare en trupp igjen.5.kp.har overtatt et område av 3.kp.enda vi er altfor lite folk til å holde våre egne stillinger.De såkalte offiserer vi har er helt galne og så feige at de tør ikke bevege seg i skyttergravene.De ødsler med legionærernes liv på det skammeligste.

Onsdag

1.april Vi arbeider dag og natt med å grave isen opp av bunnen i skyttergravene våre,vasser i issøle over støvlene.Gravene skal være ferdige innen den 10.april,da håper vi på avløsning.Guttene er helt utslitte.Jeg har fått bronkitt og hoster noe forferdelig.

Torsdag

2.april Arbeidet med gravene går sakte fremover.Vasser i issørpe når vi går på vaktavløsning til mg-stillingen.Er våt før en kommer fram på beina,og så stå stille i 2 timer på vakt.

3.april Hadde allarm i natt.

4.april Det største flyangrep jeg har sett foretatt på Leningrad i dag og i natt.I kveld kl.12 fikk vi avløsning av tyske tropper.Vi ble kjørt bak fronten 6 km.

5.april Det blir ikke noen hvile på oss likevel.I dag blir vi sendt til et nyttfrontavsnitt.Vi er helt utslitte og forbanna.

Uritsk.

Søndag

- 6.april Våre nye stillinger ligger bra til med pene bunkerset,vi ligger ved Rollbahn (motorvei) 4 km fra havnen i Leningrad.Er vakt ved en erobret russisk mitraljøse.
 7.april Pent vær,strålende sol.Jeg har vært i soldatbad og badet og skiftet skjorte for første gang på 3 1/2 måned.

Onsdag

- 7.april 1942. Alt er rolig,bare litt mg-ild fra russerne om natten.

Torsdag

- 9.april Nå tiner snøen slik at skyttergravene og bunkersene er rennt fulle av vann.Vi har måttet trekke oss 200 m tilbake.Vi bor nå i kjelleren på en sønderskutt ungdomsskole (eller slott ?).Hadde mg-vakt langt framme foran våre linjer.Første vakt jeg hadde alene.Siden var vi to mann vakt om gangen.

Fredag

- 10.april Nå har vannet oversvømmet landskapet mellom oss og russerne.Det består av myrer. Vi har bare korte snørestøvler og vasser rundt i issørpe,klissvåte på beina.Har ikke sovet en time i natt,og får vel ikke sove neste natt heller.Skal på vakt om 1 1/2 time.

Lørdag

- 11.april I dag regner det,våre gamle stillinger er helt oversvømmet av snøvann hvor det ligger lik og flyter.

Søndag

- 12.april Vi har flyttet fra slottskjelleren til en nokså koselig russerstue.Vi har nå fine dager : 3 timer mg-vakt om natten og 2 timer om dagen.Her er herlig vårvær med en varm og strålende sol.Hadde børscpuss i dag - børsa så fæl ut.Det tyske artilleriet bombarderte Leningrad kraftig i natt.Russerne forsøkte seg litt med bombekastere.

- 13.april Vi har gode dager nå.Pent vær,lite kanonader.

Mandag

- 14.april Det er salt 3 gutter i 2.kp.som ligger til høyre for oss.

Tirsdag

- 15.april Vi har fått ny løytnant da løytnant Marstrander er tilbakeslyttet til bataljonsstaben.Høye heter den nye sjefen vår.

Onsdag

- 15.april I natt ble vårt store håp kaptein Berg drept da han sammen med 40 mann var ute som støttropp til de russiske linjene.Kaptein Berg fikk begge bena skutt av. 8 av våre gutter fikk fotbladene avskutt.Noen mistet det ene benet.12 mann salt,blant dem en av mine beste kamerater,Normann Kristiansen Sæther.

Torsdag

- 16.april Russerne bombarderte oss med artilleri,som gjør liten virkning.

Fredag

- 17.april I dag ble en av mine kamerater i laget vårt.Nils Ingemar Nerisen,såret av en

granatsplint i leggen.Saniteten kom først etter 8 timer.Nerisen - 17 år - var en skikkelig viking,lå og skrev dagbok og vitset,enda et stort stykke av leggen var borte.Saniteten er en skandale som så mye av legionen.

Lørdag

- 18.april Ble hardt beskutt av russisk artilleri mens Lindhagen og jeg arbeidet på mg.i en trikk.

Søndag

- 19.april Har 2 timer arbeidskommando hver dag med å grave i skyttergraver.2 estlandske frivillige overløp til russerne.En stund etterpå talte russerne til oss og lovert at vi skulle lære det russiske artilleriet å kjenne.Etterpå ble Internasjonalen spilt.

Mandag

- 20.april I dag er det Hitlers fødselsdag.I den anledning bombarderte det tyske artilleriet Leningrad i 3 timer.Men russerne holdt også ord.Vi har lært det russiske artilleriet å kjenne.Granatene regner rundt oss,og flyene bomber,så det er et helvete uten like.

Tirsdag

- 21.april Vi har flyttet ut til de gamle stillingene våre med mg-ene våre.Russerne bombarderer oss dag og natt.Mg-en vår vil ikke gå,sluttstykket er gåen,løser bare enkeltskudd.Kommer det angrep nå,så er det ikke godt å si hvordan det vil gå.I kveld er alt så mistenklig.

Onsdag

- 22.april 1/2 4 i dag ble det slått allarm.Russerne forsøker å erobre stillingene våre.Det regner med bomber og granater.1.tropp av 2.kps graver er helt gjengrodde.Jeg har en glimrende utsikt over kampområdet fra stillingen min.Russernes hovedangrep var rettet mot 1. og 3. kp. som hadde 8 falne,12 hardt og 6 mindre sårede.Hos oss er ingen falne eller sårede unntatt sersjant Meidell som fikk en granatsplint i baken.Jeg er på observasjonspost nå kl.18.00 - 20.30 alene fremst mot de russiske linjer.Nå begynner den russiske høytaleren å snakke til oss på norsk,skjeller oss ut for forrædere,barbarer og røvere.Men om vi vil komme over til dem,så så skal vi få det så godt så.

Torsdag

- 23.april I dag holdt jeg på å bli tatt av de russiske bombekasterne da russerne oppdaget meg på observasjonsposten.Vi skal i dag flytte ned til skyttergravene våre,da vannet er seget vekk.Noen av bunkersene er der en del vann i enda.

Fredag

- 24.april Mg-laget mitt slapp å flytte ned til graven,ikke alle bunkersene er brukende.Det svirrer daglig rykter om avløsning.

Lørdag

- 25.april Russerne bombarderte oss en del,ellers har vi pene dager.

Søndag

- 26.april I dag fikk vi kantinevarer.Og Andersen var kanon full og gikk på harejakt i ingenmannsland.Lindhagen og jeg var også godt på `an.og skjøt på blink på tankminer.En begynte å brenne før den eksploderte.I dag er jeg overflyttet til pakk-

kanon.Vi er 3 mann med den og ligger i stillingen til 2.kp.

Mandag

- 27.april Å ligge i stilling med pakk.kanoner er fine dager,nesten ikke vakt,2 timer om natten,og da er en for det meste innc.Ikke dagvakt.Bunkersen vi ligger i,er meget bra.I køyenc har vi verdens beste springmadrasser.Russerne ble hardt bombardert av vårt artilleri,men ingen ild fra russerne.
- 28.april Det har gått store rykter om at jeg er salt i 3.kp.Mange gutter fra pakk. spør meg forbauset om jeg ikke er død.
- 29.april I dag salt Skogen sammen med 3 andre legionærer i 3.kp.
- 30.april En del artilleri i virksomhet hver dag,især er I.G - skytset hissig,med betjening fra pakk.
- 31.april (!) Fikk i dag 4 brev hjemmefra.Et fra far,to fra Olav og (et fra) Arne.Vi venter stor artillerivirksomhet og angrep fra russerne i natt.Og i morgen,da er det 1. mai. Merkelig nok,russerne holdt seg i ro i dag.Lite artilleri-ild,ellers alt rolig.Russerne har fått vodka og synger fulle borti stillingene sine.

- 2.mai. Det er koselig liv å ligge i stilling med pakk-kanonen.En bare sover og spiser,går på gjeddejakt i en liten bekk som renner her forbi.Med pistol og håndgranater.Vi har to timer vakt om natten,men da kan en sitte i bunkersen og lese,spise e.l.

- 3.mai Russiske fly har nettopp bombet,så det har oppstått branner i sivilhus.Et kvarter igjen,så får jeg avløsning av Alseth.Kl. er nå 23.45.

- 4.mai Jeg har det rolig nå om dagene.Hente maten er eneste arbeidet jeg har.

Lørdag

- 13.mai Quisling og Risnes var her i dag.Det var lite oppmuntrende de hadde å fortelle oss. Noen avløsning eller perm. blir det ikke.Vi skal være her til Leningrad et stormet. Når den er salt,skal vi fortsette på andre fronter i Russland.

Søndag

- 14.mai I dag så jeg 4 russiske fly som ble skutt ned av det tyske Flak.Det var 4 tremotors bombeplan.De styrtet brennende ned ved våre stillinger. 2 flyvere hoppet ut i fallskjerm.En overløytnant ble skutt av noen legionærer da han begynte å skyte med pistol.Den andre - en løytnant - ble tatt til fange.

Mandag

- 15.mai Russiske fly bomber litt hver natt,men oppnår bare å lage branner i sivile hus i byen bak oss.

Tirsdag (!)

Onsdag

- 17.mai I dag fikk vi norsk tobakk og sigaretter.Det russiske artilleriet lagde 17.mai salutt for oss.

Torsdag

- 18.mai I dag ble kompanisjef Lindevig såret i benet,så nå har vi mistet de beste offiserene våre.

Fredag

- 19.mai En av guttene i 2.kp. løp over til fienden i natt.Det var tett tåke og lett for ham å komme seg over.Samtidig kom det en russisk overløper til oss - en sersjant.

Han fortalte at russerne gjør forberedelser på et angrep på oss. Da russerne antagelig får viktige opplysninger av den norske overløperen, venter vi å få forsterkninger fra tyskerne, da bare en liten del av legionen er kampdyktig og holder det samme avsnitt vi hadde da hele legionen var kampklar. Vi hadde allarmberedskap i natt.-

Dagboka gir ei realistisk skildring av stillingskrigen på dette avsnittet av Austfronten. I den sovjetiske strategien hadde ikkje Leningrad-området prioritet, for oppgåva var førebels berre å halda frontlinja etter som ein visste at tyskarane ikkje lenger kunne makta å setja i gang nokon offensiv mot Leningrad. Men likevel heldt sovjetiske tropper oppe presset mot dei tyske linene. På føresommaren sette dei inn større åttak og braut gjennom dei tyske stillingane ved Staro Panavo i juli. Men reservestyrkar vart ikkje sette inn som kunne utnytta gjennombrotet. Dermed stivna fronten til att. Legionen stod i desse kritiske vekene på eit mindre utsett frontavsnitt, og Alf Rødseth fekk eit lite pusterom frå fronttenesta då han i juni og juli var ordonnans (dvs. bodberar). Men så bar det i august attende til fremste frontlinja att.

Såra - dimmitert. Fengsling og soning.

Ut over hausten auka det på med sterkt sovjetisk artilleri-eld, og legionærane vart etter kvart utslitne og forkomne. Talet på norske falne og såra auka. I oktober tok fronttenesta brått slutt for Alf. Han vart såra i foten av ei granatsplint og send til eit feltlasarett like bak fronten, og etter ein månads tid der vidare til Riga med eit tog fullsett av såra soldatar. Alf hadde då kome seg så pass at han sat oppe under transporten i motsetnad til dei mange stygt tilreidde og døyande soldatane som låg i lasarettvognene. Han tykte det var trist å skiljast frå kameratane i Legionen. Der hadde han lika seg så godt, funne eit triveleg miljø med sterkt samhald og ekte vennskap. Aller helst ville han tilbake til kameratane ved fronten. Men den fysiske tilstanden hans forboud vidare frontteneste - i alle høve førebels. Han hadde forfrose beina, som hovna stygt opp, og i tillegg til sårskaden i foten sat det ei splint i halsen. Ved juletider fekk han permisjon og reiste til Noreg gjennom Sverige. No fekk han som rekonesent plass på Frontkjemparheimen ved Oslo, og seinare overført til eit tysk lasarett i hovudstaden. Etter operasjon der og rekonesenstid drog han ein snartur heim til Ålvik.

I mars 1943 var han restituert og vart utskriven frå sjukehuset. Dermed var permisjonen slutt, og han fekk då ordre om å mælda seg i samleiren Mittel ved *Mittag* Riga. Seinare var det transport til Grafenwöhr, ein treningsleir i Bayern. Saman *Jelgava* med andre veteranar fekk han oppmøding om å gå inn i ei ny friviljug norsk

avdeling - Pansergrenaderregiment Norge. Han avslo tilbodet kontant fordi han ville ikkje stå under tysk kommando. Omsider vart han løyst frå vidare krigsteneste. Legionen eksisterte nemleg ikkje lenger. Om vinteren 1943 var han trekt tilbake frå fronten og oppløyst. Då hadde 158 nordmenn falle på Leningradfronten. Men korkje tyskarane eller NS-leiinga ville gje slepp på dei norske friviljuge. Dersor vart legionærane utsette for press og sterkt oppmoda til å binda seg til vidare krigsteneste eller ta på seg andre oppgåver for NS/okkupanten her heime. Omlag 300 av dei meldte seg til ny frontteneste. Men for Alf Rødseth var den aktive krigsteneste til ende. Han kom heim med det illgjetne transportskipet "Monte Rosa" i mai 1943. Heller ikkje som sivil fekk han utan vidare avgjera si framtid. Han fekk oppmoding, nærmast ordre, om å gå inn i Statspolitiet, men nekta blankt. Han var klar over at Statspolitiet var ein politisk reiskap for okkupanten og NS. Og den slags var han fast bestemt på å halda seg godt klar av. Dersor valde han å arbeida i den offentlege organisasjonen som var minst politisk og tenestgjorde der dei to neste somrane. Frå hausten 1943 gjekk han på Vinterlandbrukskolen og tok eksamen der i april 1945.

Resten av soga hans i krigsåra er snøgt fortalt: 7. mai vart han arrestert heime i Ålvik, transportert med ei skøyte til Eitrheimsneset og sett inn i tunnellen saman med mange andre. Her sat han ein månads tid. Han hugsar at nokre av vaktene morska seg av og til: "Det er lett å vera modig når det ikkje er fare på ferde," seier krigsveteranen lakonisk. Men han hadde opplevd verre tilhøve enn lite mat og kaute vakter i Odda. I Krinsfengselet i Bergen, der han sat i varetekts til nov., var det rett nok lite mat, men ingen sjikane av fangane såg han der.

Så kom rettsoppgjeret. I november 1945 stod Alf Rødseth for Gulatings lagmannsrett, tiltala for "at han ved sin krigstjeneste bisto fienden i dåd". Han orsaka seg ikkje eller freista bortforklara noko som helst. Men han hadde ikkje oppfatta militær hjelpe til Finnland som landssvik. I motsetnad til mange NS-medlemer innsåg Alf Rødseth at Noreg var i krig med Tyskland. X

Retten peika på at lovbroret hans var alvorleg, men la til at han var svært ung då han verva seg meldinga til krigsteneste, heller ikkje hadde han vore medlem av NS og "at det utvilsomt har vært ulykkelige forhold som har ført til at han meldte seg til fronttjeneste". Han hadde også nekta å avleggja eid til Hitler som øvste tysk krigsherre. Sidan han vart dimmitert frå Legionen i 1943, hadde han ikkje hatt det minste med okkupasjonsmakta eller Nasjonal Samlings organisasjonar å gjera. Dommen lydde på 3 års tvangsarbeid - minimumsstraffa som lova fastsette. - Etter to års soning var Alf Rødseth attar ein fri mann. Og gjennom eit langt yrkesaktivt liv både her heime og i oversjøiske land har vore ein god borgar av det norske samfunn. X

Sluttord.

Me har presentert to norske borgarar som i unge ^{ar} som "gav fienden bistand i dåd".

Dei får stå som representantar for den gruppa av nordmenn som gjorde andre val enn det store fleirtalet - "dei gode nordmennene" - og måtte bøta for det.

I desse 50 åra har denne gruppa vore nærmast ikkje-personar. Også for dei kan det gjerne vera rimeleg å snakka om seinverknader av krigsåra og dei såra som så mange av dei norske borgarane fekk.

Men NS-medlemene og andre som kom ned "på feil side" og deira handlingar er ein del av vår historie. Det er på tida å setja fullt ljós på det som helst har vore einsidig negativt vurdert og uhøveleg å dvela ved. Men me kan ikkje teia i hel dei sider ved fortida me ikkje likar av personlege grunnar. Derfor får det ikkje hjelpa om no ein og annan synest at det er taktaust og uhøveleg å ta opp slike tabuemne, og ikkje likar at det blandar seg skurrande tonar i festbruset under jubileumsfeiringa.

Men for historikaren må alle alle sider med, alle kjelder ausast av. Fyrst då kan det teiknast eit bilet av okkupasjonssoga og aktørane i denne perioden så reelt, nyansert og korrekt som kjeldene tillet det.

Merknader.

Eg vil her takka Johannes Winje og Alf Rødseth for det kjeldetilsanget dei har stilt til disposisjon for årboka. Med deira hjelp er innhaldet i denne årboka - okkupasjonssogestoffet - vorte rikare, ~~meir~~ nyansert og heilsleg. Det har vore eit hovudsynspunkt for dei og meg at framtidå har krav på å få kjennskap til dei sidene av okkupasjonssoga som hittil i lokal samanheng har vorte tagd i hel, bl.a. i bygdebøker og minnestoff frå krigsåra. Dei kjennest ved si fortid - det bør me som nasjon gjera alle saman.

Når det gjeld realopplysningar om Den norske legion, har eg hatt stor nytte av Major Svein Blindheims bok "Nordmenn under Hitlers fane".

I Alf Rødseths dagbok er det nokre ord som treng ein kommentar:

Gefechtstand = standplass ved fronten *Bataljonssta*s

FLAK = Fliegerabwehrkanone = antiluftskyts

Kp. = geværkompani ca. 165 mann i Legionen

Mg = maskingevær

Eit kompani var delt i 3 tropper a 3 lag

PAK-kanon = panservernkanon (Panzerabwehrkanone)

I.G.- skyts = Infanterie Schutz, dvs. lette kanoner - 8-12mm *C.m. 8-10 cm*

Sp.-tropp = Späh-trupp, dvs. oppklaringstropp på 4-5 mann (speiargruppe)

Støttropp = åtakstropp på 30-40 mann som opererte i nattemørket.

Parole = stikkord, hemmeleg kodeord som skilde ven frå fiende

Polkovo - ein åsrygg som sovjet soldatane heldt på Leningradfronten

Urtsk - ein lite by rett utanfor Leningrad, nærmast ein landsby.